

Forskningsstasjonen Matre i ny drakt

AV TOM HANSEN



Sidan opninga i 1971 har Forskningsstasjonen Matre vore hovudarena for forskning på laksefisk i Havforskningsinstituttet og for ei rekkje nasjonale og internasjonale samarbeidspartnarar. Stasjonen ligg vel 8 mil nord for Bergen. I 2006 har stasjonen blitt totalt modernisert med ny vassforsyning, nye og betre fasilitetar for eksperimentell forskning og nye laboratorium for avanserte analysar.

Forskningsstasjonen Matre er bygd for å gjere både små- og storskala studiar på fiskeslag som i dag vert oppdretta og fiskeslag som kan bli oppdrettsartar i framtida. Fasilitetane er også svært godt eigna for studiar på villfisk, inkludert studiar av klimaendringar og eksperiment knytt til forureiningsspørsmål.




AKVAKULTURRELATERTE STUDIAR

Fiskeernæring – Alle tankar er utstyrte med eit nøyaktig føringssystem og oppsamlingsutstyr for før som vert til overs.

Fiskevelferd – Det er muleg å studere variasjonar i parameter som temperatur, saltinnhald, vasstraum, oksygen, karbondioksid, føring, daglengde og lysintensitet, fisketettleik m.m. Fasilitetane er utstyrte med det mest moderne utstyr som finst for miljøkontroll og overvakingssystem.

Vekst og reproduksjon hos fisk – Miljøparametra kan kontrollerast i eksperimentelle tankar som er





Kva er nytt?

- ▶ Temperaturar ned til 1 °C og opp til 20 °C kan kontrollerast med 0,1 °C nøyaktighet heile året. Underkjølt vatn (under 0 °C) og vatn med temperatur over 20 °C kan produserast i kortare periodar
- ▶ Saltinnhald mellom 0 og 35 ppt
- ▶ Kontroll av daglengde og lysintensitet
- ▶ Syklusar (t.d. dagleg, månadleg og årleg) i alle vasskvalitets parameter kan programmerast og overvakast nøye
- ▶ Straumen av vatn kan regulerast i liter eller til å halde eit førehandsprogrammert oksygenivå ved utløpet
- ▶ Oksygenert fersk- og sjøvattn kan tilførast i alle tankar
- ▶ Andre gassar eller væsker (t.d. karbon-dioksid, ammoniak) kan tilførast
- ▶ Sjøvatn med mettingsgrad ned til 60 % er tilgjengeleg
- ▶ Forskningsstasjonen Matre har ein stor karanteneseksjon som gjer det muleg å arbeide med dyr som har ukjend helsestatus, og stasjonen er sertifisert for å arbeide med genmodifiserte organismar
- ▶ Tankar mellom 60 og 300 cm diameter med kapasitet på frå 180 til 7000 liter

Forskningsstasjonen Matre i ny drakt

laga for å kunne halde ei rekkje fiskeslag i store og små grupper.

Eit spesialisert laboratorium for studiar av individuell fisk er på plass. Her kan det til dømes gjerast forsøk på fisk som har fått lagt inn kanyle. Laboratoriet er fullt utstyrt med alle vasskvalitetar, kontroll av daglengde og oppsamlar for fôr som vert til overs. Eit fullt utstyrt analyselaboratorium er også integrert.

FISKERIRELATERTE STUDIAR

Fasilitetane i Matre er svært godt eigna for kort- og langtidsstudiar av villfisk som torsk, sild, makrell og hestmakrell. Her er det muleg å studere korleis miljøfaktorar og tilgong på fôr påverkar vekst og reproduksjon; korleis endringar i klima kan influere på desse prosessane og korleis uorganiske og organiske forureiningskjelder virkar saman med dei fysiologiske prosessane.



Nordnesgaten 50
Postboks 1870 Nordnes
NO-5817 Bergen – Norway
Tlf.: 55 23 85 00
Faks: 55 23 85 31

www.imr.no

HAVFORSKNINGSINSTITUTTET AVDELING TROMSØ

Sykehusveien 23
Postboks 6404
NO-9294 Tromsø
Tlf.: 77 60 97 00
Faks: 77 60 97 01

HAVFORSKNINGSINSTITUTTET FORSKNINGSSTASJONEN FLØDEVIGEN

Nye Flødevigveien 20
NO-4817 His
Tlf.: 37 05 90 00
Faks: 37 05 90 01

HAVFORSKNINGSINSTITUTTET FORSKNINGSSTASJONEN AUSTEVOLL

NO-5392 Storebø
Tlf.: 55 23 85 00
Faks: 56 18 22 22

HAVFORSKNINGSINSTITUTTET FORSKNINGSSTASJONEN MATRE

NO-5984 Matredal
Tlf.: 55 23 85 00
Faks: 56 36 75 85

REIARLAGAVDELINGA

Nykirkekaien 1
Tlf.: 55 23 68 49
Faks: 55 23 85 32

INFORMASJONEN

Tlf.: 55 23 85 38
Faks: 55 23 85 55
E-post: informasjonen@imr.no

KONTAKTPERSON:

Forskar Tom Hansen
Tlf.: 56 36 75 11
E-post: tom.hansen@imr.no

FORSKINGSGRUPPE:

Vekst- og reproduksjonsfysiologi

